

Skjemaet skal sendast til kommunen der tømmeret kjem frå.

1. Opplysningar om seljar / skogen der tømmeret kjem frå			
Namn	Kommune	Gardsnr.	Bruksnr.
Adresse	Postnr.	Poststad	

2. Kven skal betale inn skogfond?		
A. Skogeigar / seljar <input type="checkbox"/> B. Kjøpar <input type="checkbox"/> (Dersom b. kjøpar, skal pkt. 3 nedanfor alltid fyllast ut.)		
Kontaktperson	Telefon	E-post adresse

3. Opplysningar om kjøpar (ikkje ved direktesal til forbrukar)			
Orgnr.	Namn		
Adresse	Postnr.	Poststad	

4. Tømmerforordninga			
<b>Sertifisering</b>	<b>Hogsttype</b>	<b>Opphav</b>	<b>Teke omsyn</b>
<input type="checkbox"/> 0- Ikkje oppgjeve	<input type="checkbox"/> 1- Foryngningshogst	<input type="checkbox"/> 0- Eigen skog	<input type="checkbox"/> Ja
<input type="checkbox"/> 1- PEFC	<input type="checkbox"/> 2- Tynning	<input type="checkbox"/> 1- Alminneleg sal	<input type="checkbox"/> Nei
<input type="checkbox"/> 2- FSC	<input type="checkbox"/> 3- Oppryddingshogst	<input type="checkbox"/> 3- Rotkontrakt	
<input type="checkbox"/> 3- Anna	<input type="checkbox"/> 4- Omdisponert areal		

5. Opplysningar om målepliktig virke som det blir svart skogfond for						
Skogfond	Definisjon	Kode	fm <sup>3</sup> ub	Tal/kg	Bruttoverdi i heile kr.	Skogfondstrekk i heile kr.
Pliktig	Gran	131				
	Furu	231				
	Lauv	332				
	Ved til brensel (gran)	113				
	Ved til brensel (furu)	204				
	Ved til brensel (lauv)	395				
	Heltrevirke flis (bar)	742				
	Heltrevirke flis (lauv)	743				
Frivillig	Biovirke	987				
	Juletre (stk)	71				
	Pyntegrønt (kg)	72				
	Miljøtilskot	73				
	Ekstra innbetaling skogfond	74				

6. Underskrift	
Merknadar	
Stad og dato	Underskrift

## Rettleiing

Skjemaet skal brukast ved småsal av tømmer, skogsflis, ved og juletre, miljøtilskot og ekstra innbetaling av skogfond. Når verdiberekninga skjer i ein virkesdatabase som er tilknytt ei tømmermålingsforeining, skal ikkje skjemaet fyllast ut.

Ved sal skal kjøparen (skogeigarpartslag og/eller andre kjøparar) fylle ut og sende inn skjemaet. I andre tilfelle skal skogeigaren sjølv gjere det, og då skal skogeigaren først opp som både kjøpar og seljar.

Alt skogsvirke som blir avverka til foredling (og foredling i eigen industri, t.d. gardssag), sal eller eksport, skal rapporterast. Ved sal av småkvantum der trekt skogfond blir mindre enn 500 kroner per år, er det frivillig å trekkje skogfond. Uttak av skogsvirke til å dekkje behovet skogeigaren har i jordbruks- og skogverksemd, skal ikkje registrerast.

Skjemaet skal fyllast ut og sendast inn den første veka etter kalendermånaden som virket er levert og oppgjer mellom kjøparen og seljaren har funne stad.

Trekt skogfond skal vere mellom 4 og 40 prosent av bruttoverdien.

Ein skal alltid oppgi bruttoverdien, og uavhengig av omsetningsforma blir bruttoverdien rekna som verdien av henteklart virke.

Dersom oppgjeret blir utbetalt over fleire kalendermånadar eller det blir opparbeidd bonus, skal det ved første gongs oppgjer meldast totalt kvantum, bruttoverdi tilsvarande det oppgjeret lyder på, og trekt skogfond av denne bruttoverdien. Ved seinare oppgjer eller utbetaling av bonus skal det ikkje meldast kvantum, berre bruttoverdi og skogfond av det oppgjeret lyder på. Det er viktig at kvantum og beløpsverdiar ikkje blir melde to gonger. Ved slutten av året skal alt virke som er levert, og som tidlegare ikkje er meldt inn, meldast, sjølv om det ikkje har vore noko oppgjer mellom kjøparen og seljaren.

Virket blir rekna som levert seinast når det er målt og/eller merkt. Virke som blir selt på rot, blir rekna som levert når rotkontrakt er inngått, uavhengig av om tømmeret er avverka eller ikkje. Dersom virke som er kjøpt på rot, skal avreknast på grunnlag av seinare måling, reknar ein leveringa for å ha skjedd først ved måling.

**Rundvirke til flis – bar og Rundvirke til flis – lauv:** Dette er rundvirke som ein alt ved førstehandsomsetning veit skal gå til energiflis. Ein skal oppgi volumet i fastkubikkmeter (fm<sup>3</sup>).

**Heiltreflis og grottflis:** Når oppgjeret for desse to kategoriene skjer ved at kjøparen avtaler ein nettoverdi med skogeigaren før tiltaket blir sett i gong, kan bruttoverdien av skogsflisa bereknast med denne formelen:

Bruttoverdi = nettoverdi + driftskostnad ÷ tilskot (utleidd av formelen bruttoverdi ÷ driftskostnad + tilskot = nettoverdi).

Alternativt kan bruttoverdien setjast til ein vald verdi innanfor intervallet 40–60 kroner per lm<sup>3</sup> flisa skogsflis.

Volumet av heiltreflis og grottflis blir registrert i lauskubikkmeter (lm<sup>3</sup>) ferdig flisa skogsflis. Ved omrekning mellom lm<sup>3</sup> skogsflis og fastkubikkmeter (fm<sup>3</sup>) kan ein bruke ein faktor på 0,4. Døme: 150 lm<sup>3</sup> skogsflis svarer til ei mengd på 60 fm<sup>3</sup> (150 lm<sup>3</sup> · 0,4).

**Miljøtilskot:** Når skogeigaren får tilskot til miljøtiltak, er det å rekne som ein kompensasjon for tapte inntekter frå sal av skogsvirke og for eventuelle meirkostnader knytte til drift eller skjøtsel i det aktuelle området. Den delen av tilskotet som er kompensasjon for tapte inntekter frå virkesalet, må likestillast med bruttoverdien av virket frå ein hogst, og inntil 40 prosent av dette beløpet kan betalast inn til skogeigaren sitt skogfond i samsvar med føresegnene i skogfondsforskrifta. For denne koden skal ein ikkje oppgi volum eller bruttoverdi, berre skogfondstrekket i kroner.

**Ekstra innbetaling skogfond:** Når skogeigaren har trekt mindre enn 40 prosent skogfond av virkesomsetninga i eit kalenderår, har han høve til å gjere ei ekstra innbetaling. Beløpet som blir innbetalt, kan ikkje vere større enn at det totalt avsette skogfondet blir maks 40 prosent av bruttoverdien av årets virkesomsetning. Registreringsskjemaet skal vere Skogdata i hende seinast 6. februar året etter.

### Tømmerforordninga

*Teke omsyn* inneber at det er nytta eit sett av framgangsmåtar og tiltak som tilfredsstillar krava i forordninga. Eit slikt system skal mellom anna romme dokument som kan prove at tømmeret er lovleg hogd, samt ei utgreiing av på korleis ein gjennomfører risikovurdering, og ein plan for handsaming av risiko. For ytterlegare informasjon om Tømmerforordninga, sjå Landbruksdirektoratets heimesider: [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) (Eiendom og skog / Foryngelse, skjøtsel og hogst / Rapportere virkesomsetning).

### Innsending

Du kan rapportere opplysningane på elektronisk skjema via Altinn. Tenesta/skjemaet heiter Skogsvirke - omsetning og trukket skogfond. Sjå Landbruksdirektoratets heimesider: [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) (Eiendom og skog / Foryngelse, skjøtsel og hogst / Rapportere virkesomsetning). Dersom du nyttar elektronisk skjema er du sikra rask og effektiv rapportering. Har du ikkje moglegheit til å nytte elektronisk skjema, må du sende dette skjemaet til kommunen der avverkinga er gjord.